

Årsmelding for Vaksdal kyrkjelege fellesråd 2021



Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing frå kyrkjeverja	3
2.0 Medlemmar i fellesrådet	4
2.1. Om Fellesrådet.....	4
3.0.Oversikt over den kyrkjelege organisasjonen	5
4.0 Stillingar i kyrkjene 2021.....	6
5.0 Statistikk kyrkjene i Vaksdal 2021	6
6.0 Budsjettgrunnlag for 2021, bakgrunn og kommentarar av dei viktigaste punkta	7
6.1.Kommentarr til budsjettfunksjon 041 administrasjon	7
6.1.1. Diakoni.....	7
6.1.2. Kontormedarbeider.....	7
6.2.Kommentar til budsjetts funksjon 042 kyrkjer	8
6.3.Kommentar til budsjetts funksjon 043 gravplassar	8
6.3.1 Verdivevarande vedlikehald av gravplassar	8
6.4. Kommentarar til investeringsramme på funksjon 042, kyrkjer	9
6.4.1 Universell utforming Dale kyrke.....	9
6.5. Komentarer til investeringsramme på funksjon 043, gravplassar	9
6.5.1 Ny GPS måling og SOSI standard på gravplassen.....	9
6.5.2. Utvidelse av Dale gravplass	9
7 Kyrkjemusikk 2021	10
7.1 Kilden	10
7.2 Stamnes Barnekor	10
7.3 Orgelundervisning	10
7.4 Fysiske konsertar	10
7.5 Digitale konsertar	11
7.6 Digitale gudstenester.....	11
8 Årsmelding trusopplæring.	12
9 Diverse prisar og satsar for 2021	14
10 Kyrkjebladet for Vaksdal.....	15
11 Straumutgifter kyrkjene.....	15
12 Kommentarar til vedlagt rekneskap	16
12.1 Festeavgifter.....	16
12.2 Sumarstell og gravlegat.....	16
13 Vedlagt regnskap for VKF 2021 med notar	17

1.0 Innleiing frå Kyrkjeverja

Årsmeldinga skal ta utgangspunkt i, og gje ei vurdering av, vedtekne målsetjingar, planar og budsjett. Årsmeldinga er utarbeida etter «*foreskrift om økonomiforvaltning for sokna i den norske kyrkje §12*»

På denne måten kan ressursbruken på ulike områder vurderast, og leggja grunnlag for kommande års planar og budsjett.

Årsmeldinga skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere fellesrådet si økonomiske stilling, og andre forhold som ikkje utan vidare går fram av rekneskapen.



Vaksdal kyrkjelege fellesråd (VKF) bad om 6.620.718 til drift i 2021. Denne summen er høgre enn tidlegare år. Det har vore viktig for VKF å mālbæra dei reelle utgiftene som organisasjonen hadde hatt om ein skulle drive forsvarleg etter trudomssamfunnslova og gravferdslova. Me leverte også inn ein fullstendig økonomiplan til kommunen der me gjorde grundig greie for behovet for driftsmidlar, samt utgifter som me ser vil komma dei nærmaste åra. Det er mellom anna store vedlikehaldsetterslep på bygg og anlegg. Det er også behov for ein merkantil stilling, og det er behov for ein diakon.

Me var tilhøyrarar på kommunen sin budsjettkonferanse, og fekk lov til å halda eit innlegg på dag 2, der me presenterte fellesrådet, økonomiplanen og budsjettet.

Etter å ha motteke denne dokumentasjonen, gav Vaksdal kommune 3.850.000 til driftsbudsjettet for 2021. Dette er langt under det fellesrådet søkte om. I tillegg til dette, er det same summen som i 2019 og 2020. Dette betyr at budsjettet til VKF også i 2021 vart kutta med om lag 3% (Sett mot konsumprisindeks).

Vaksdal kommune har også ein tenesteytingsavtale med Vaksdal kyrkjelege fellesråd om tenesteyting på gravplassen. Denne avtalen er av Vaksdal kommune satt til ei verdi på kr 1.200.000. VKF er usikker på om dette er den reelle verdien av avtalen.

VKF har levert inn forslag til Vaksdal kommune om ein ny tenesteytingsavtale. Uvist av kva grunn har det ikkje lukkast Vaksdal kommune å svara på denne, trass i fleire purringar.

Sidan fellesrådet har mått driva i fleire år med svært knappe midlar, tærer dette på fonda våre. Likviditeten til fellesrådet er også ei stadig bekymring. Om det ikkje skjer drastiske endringar frametter vil fellesrådet sin drift føre til meirforbruk.

Med alle dei utfordringane som har vore i 2021, sit VKF igjen med eit klart ynskje om tettare samarbeid med kommunen. Dette trur me er den beste løysinga på dei utfordringane me har.

Korona

2021 har også vore eit år i koronaen sitt teikn. Kyrkjene i Vaksdal har opplevd ein reduksjon i aktivitetar. Dette vil vise i tal og statistikkar som me legg fram for inneverande år. Sjølv om det har vore eit krevjande år for både frivillige og tilsette, er me svært glade for at me gjennom det meste av året, trass alt, har klart å gjennomføre aktivitetar, og spesielt det som er retta mot born og unge.

Me ynskjer å nytte høve til å takka alle medarbeidarar for den fantastiske arbeidsinnsatsen som dei har lagt ned igjennom dette vanskelege året.

2.0 Medlemmar i fellesrådet


Leiar:	Lars Patterson	Eksingedalen sokneråd Vara: Ole Jakob Nese
Nestleiar	Anne Hilde Fosse Osvold	Bergsdalen sokneråd Vara: Lise Lotte Småbrekke
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd Vara: Eidrun S Normann
-----	Elisabeth Verpelstad	Dale sokn Vara: Odd Dyvik
-----	Anders Boge	Vaksdal sokneråd Vara: Odd Arild Faugstad
-----	Evelyn Gullbrå	Nesheim sokn Vara: Magnar Nese
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant Vara: Edvard Bø
-----	Hege Eide Vik	Vaksdal kommune Vara: Erlend Hesjedal
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjeverje

2.1 Om fellesrådet

Fellesrådet sine medlemmer er indirekte valt etter kyrkjevalet og kommunevalet. Det er ein representant frå kvart sokn i Vaksdal kommune, samt ein representant frå kommunen og ein geistleg representant. 55 % av representantane i fellesrådet er kvinnelege. Fellesrådet søker å ha likestilling mellom kjønna i dei utval/grupper ol. som fellesrådet har ansvaret for. VKF hadde 7 møter og handsama 52 saker i 2021.

Grunna smittevern har me hatt 6 møter i Elvahuset på Dale, og eit møte på Teams. Det er kyrkjeverja som i samarbeid med eit arbeidsutval førebur sakene til fellesrådet, og er sekretær for fellesrådet. Fellesrådet sine møter er offentlege og opne for tilhøyrar. Mange av sakene frå 2021 omhandlar tema økonomi. Knappe resursar og store utgifter gjer prioriteringane til fellesrådet ekstra utfordrande. Fellesrådet uttrykker ei spesiell uro for tilstanden på kyrkjebygga og eit stort vedlikehaldsetterslep. Gravplassane er også eit tema som går igjen i møta våre. Dei fleste gravplassane i Vaksdal har behov for vedlikehald og opprusting.

3.0 Oversikt over den kyrkjelege organisasjonen



Den norske kyrkja har delt leiarskap. Fellesrådet tilset dei kyrkjelege medarbeidarane lokalt, medan bispedømerådet tilset prestane. Sokna er det den juridiske eininga i kyrkja, og fellesrådet jobbar for og på vegne av sokna i Vaksdal. Kyrkjeverje Bjart-Magnus N Rosvold er dagleg leiar i fellesrådet og gravplassforvaltninga. Det er biskopen som er arbeidsgjevar for prestane i Vaksdal. Biskopen tilset mellom anna prestar, og bestemmer kva gudstenester me skal ha i kommunen. Sokneprest Edvard Bø er i Vaksdal og Stamnes sokneråd. Sokneprest Frode Kvamsøe er i Bergsdalen, Dale, Eksingedalen og Nesheim sokneråd.

Gjennom forskjellige råd og utval er det mykje kontakt og samarbeid mellom arbeidslinjene. Dei pilane som er teikna inn, viser berre dei viktigaste bindingane. Etter den nye loven om trudomssamfunn vart gjeldande frå Januar 2021, har kyrkja jobba med ei større omorganisering. Dette betyr at me nok vil sjå ein del endringar i dette organisasjonskartet i åra frametter.

4.0 Stillingar i kyrkjene i 2021

1=Vaksdal, 5 = Eidsland
 2=Dale, 6 = Eksingedalen
 3=Bergsdalen, 7 = Nesheim
 4=Stamnes

Kyrkjetenarar (1,2,3,4,5,6,7)	5 personar	0,7 årsverk
Klokkarar (1)	1 person	0,1 årsverk
Klokkarar (2,3,4,5,6,7)	6 Stillingar utan fast tilsette	0,5 årsverk ledig
Kyrkjeg.arb (3,5,6,7)	3 personar	0,2 årsverk
Kyrkjeg.arb (1,2,4)	tenesteyting	0 årsverk ledig.
Reinhaldarar (6,7)	1 person	0,1 årsverk
Sekretær	1 stilling	0,5 årsverk ledig
Kyrkjeverje	1 person	1,0 årsverk
Kantorar	2 personar	1,5 årsverk
Trusopplærar	1 Person	0,5 årsverk

Sum	14 personar tilsette	7 ledige stillingar .
	4 årsverk (om lag)	1 ledig årsverk

Kyrkjetenar, organist, kyrkjeverje og klokkar er lovpålagte stillingar.

5.0 Statistikk kyrkjene i Vaksdal 2021

Litt om tala i tabellen

I talet på gudstenester ligg dei ordinære gudstenestene i kyrkjene våre, ekstra gudsteneste ved gjestande kyrkjelydar o l, skulegudstenester og nattverdsgudstenester. Andaktar, er andaktar på institusjonane på Dale og Vaksdal I Stamnes sokn er det to kyrkjebygg på Stamnes og Eidslandet. Tala gjeld samla for begge kyrkjene. I tala på gravlagde på Dale er også gravleggingar på Stanghelle tatt med.

Tala på gravferder gjeld dei som har hatt kyrkjeleg gravferd/bisetjing i Vaksdal og er gravlagde/jordfesta i 2021. Urneandelen i Vaksdal er dette året 32,5 % mot 36 % i 2020.

Fellesrådet er nøgde med at ca 1/3 av jordfestingane i Vaksdal er urner. I 2021 har det vore gjennomført ei gravferd i Vaksdal utan kyrkja sin medverknad.

Tala på vigslar gjeld både vanleg kyrkjeleg vigsel og forbønshandlingar for tidlegare inngåtte borgarlege ekteskap. Dette talet er sterkt påverka av pandemiåret me har vore igjennom.

Aktivitet	Bergsdalen	Dale	Eksingedalen	Nesheim	Stamnes	Vaksdal	Totalt
Gudstenester	7	25	7	6	18	24	87
Frammøtte	131	1133	94	162	679	768	2967
Andakter	0	25	0	0	42	0	67
Døypte	0	8	0	0	5	3	16
Konfirmantar	1	17	1	2	7	10	38
Vigslar	0	1	0	0	0	1	2
Gravferder	2	22	3	0	4	16	57
Innmeldte	0	0	0	0	0	0	0
Utmeldte	0	4	0	0	4	5	13

6.0 Budsjettgrunnlaget for 2021, bakgrunn, og kommentarar av dei viktigste punkta

VKF søkte om kr. 6.620.418 til drift av kyrkjer og gravplassar. Me fekk invilga 3.850.000
Me søkte også om 1.200.000 til investering i kyrkjene i Vaksdal
Tenesteytingsavtalen mellom Vaksdal kommune og fellesrådet har kommunen bestemt har ein verdi på kr 1.200.000

Budsjettframlegget var bygd på føresetnadane i trossamfunnsloven §14 og gravferdslova § 3 om kommunen sitt økonomiske ansvar.

6.1 Kommentarar til budsjettets funksjon 041 Administrasjon

6.1.1 Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste uttrykt gjennom praktisk handling i medmenneske sin kvardag, og dette arbeidet er både førebyggjande og lindrande i sokn og nærmiljø.

Arbeidet bygger i stor grad på frivillige ressursar og utstrekkt samarbeid med andre organisasjonar og det offentlege hjelpeapparat. Dette skal være et lågterskelt tilbod i nærmiljøet til både barn, unge og voksen. Samtalegrupper, kulturaktivitetar, leksehjelp og språkopplæring er noko av det kyrkja kan tilby i denne typen stilling. Kyrkja erfara ein auka etterspørsel frå menneske i forskjelle gelivssituasjonar og fasar, der dei har bruk for diakonale tiltak.

Vaksdal har ikkje hatt ei diakonstilling sjølv om ei slik stilling kan finansierast i kombinasjon kommunale midlar og midlar frå Bjørgvin bispedømme.

Ei bevilling frå kommune vil gjere det mogleg å få på plass ei diakonstilling. Erfaringar frå mellom anna Bergen viser at desse tiltaka er positive både for folk i kommunen og den totale kommunale økonomien sett under eit. Mao so er det slik at for kvar krone kommunen legg inn i eit slikt arbeid får dei meir en ei krone tilbake.

For å få midlar frå Bispedømme er det er forutsetning at 50 % av stillinga vert finansiert lokalt. Ved ein kombinasjon av kommunale og statlege midlar, ynskjer me å tilsette ein diakon i VKF.

Det vart gjort fleire forsøk på å få på plass ein diakonistilling i 2021. Dette lot seg diverre ikkje realisere grunna manglende stillingsheimar frå Bjørgvin bispedømme

6.1.2 Kontormedarbeidar.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har i lengre tid hatt behov for ein kontormedarbeidar/sekretær. I dag er det slik at kyrkjeverja er den einaste merkantile resursen ved kontoret. Dette gjer organisasjonen svært sårbar. Den fører også til at både kyrkjeverja, og andre tilsette stadig vekk lyt gjera arbeid som ikkje ligg under deira stillingsinstruks. Når ein sit med hovudansvaret for kyrkjebygg og gravplassforvaltninga er det viktig for VKF at dette vert trygga på ein god måte. Ein merkantil resurs i ein 50% stilling vil kunne hjelpe til med.

Grunna manglende finansiering frå Vaksdal kommune, var det diverre ikkje anledning til å opprette ei slik stilling. Mangelen på ein merkantil resurs fører til betydeleg ekstraarbeid både for dei tilsatte i fellesrådet og prestane. Arbeidspresset ved kyrkjekontoret er høgt, og arbeidsmengda er til tider så stor at det kan være fare for helsa til dei tilsette.

6.2 Kommentarar til budsjettets funksjon 042, kyrkjer.

Kyrkjebygga våre er monumentale bygg – signalbygg i landskapet – som betyr svært mykje for mange av innbyggjarane i Vaksdal

Også dette året har me hatt noko midlar til vedlikehald. Grunna budsjettetsituasjonen er det diverse mykje «brannslokking» og for lite planlagt vedlikehald. Me ser dette året at det meste av det me har brukt pengar på er å fornye og vedlikehalda gamle VVS løysingar. Det er også gjort ein del utskifte av gamle elektriske installasjonar.

Vaksdal kommune bevilga ikkje noko ekstra til vedlikehald. Me har difor berre kunna tatt oss av det aller mest naudsynte dette året. Vedlikehalde inkluderer diverse småjobbar utført av både elektrikar og røyrleggjar

6.3 Kommentarar til budsjettets funksjon 043, gravplassar.

VKF som gravplassforvaltning for Vaksdal kommune legg vekt på å bevare gravplassar der folk bur, i tråd med kommunens planer og strategi. Det skal leggast til rette for alternative gravferdsformer som til dømes retningbestemte graver og namna minnelund. Det er naturleg at ei slik tilrettelegging vert gjort på dei meir sentrale gravplassane i kommunen (Dale og Vaksdal). Gravplassane i Vaksdal skal ha parkstandard, og skal vera ein eigna stad til ro og ettertanke. Det er svært viktig at gravplassane er livssynsopnene.

Me ynskjer spesielt å ta vare på dei av gravplassane våre som er freda etter kulturminnelova (Stamnes, Eksingedalen og Nesheim). Fellesrådet vil lage ein eigen verneplan for desse samt andre enkelt monument på andre gravplassar i kommunen som ein skal ta slikt omsyn til.

6.3.1 Verdibevarande vedlikehald av gravplassar.

I tillegg til dei gravplassane kommunen har ansvar for gjennom tenestyttingsavtala mellom kommunen og fellesrådet, har kyrkjeleg fellesråd ansvar for 4 gravplassar. På desse gravplassane står det også bygg som skal vedlikehaldas (redskapsskur, klokketårn). Me ser spesielt at fleire av bygga har behov for naudsynt vedlikehald. Slik drifta er idag kan ein vanskeleg syte for at gravplassane våre vert haldne i hevd, slik som folk i Vaksdal har krav på. Me har difor i fleire år prøvd å auke budsjettet på gravplassane for å bøte på dette.

Det vart heller ikkje her løyvd nokon ekstra midlar i 2021. Sjølv om det er gjort noko mindre arbeid på gravplassane som fjerning av vekstar, og grusing, er det mykje arbeid som står at. Gravplassane i Vaksdal har ikkje den parkstandarden som fellesrådet har bestemt at gravplassane skal ha.

6.4 Kommentarar til invisteringsramme på funksjon 042, Kyrkjer.

6.4.1 Universell utforming Dale kyrkje

Kyrkjene våre er bygg som stadig treng oppgraderingar. Det er eit ynskje om at alle skal kunne nytte kyrkjene våre. Dale kyrkje er den kyrkja i kommune der det er mest aktivitet. I tillegg til kyrkjelege handlingar, vert den nytta mykje som konsertarena for kor, korps og andre. I fleire år har det vore eit ynskje frå folk på Dale og Dale sokneråd, at det vert laga ein inngang som er universelt utforma. Dette prosjektet er prisa til 0,5 mill.

Iløpet av 2021 har det blitt jobba iherdig med ei løysing for ei ny rullestolrampe ved Dale kyrkje. Både dale sokneråd og fellesrådet har ivra for å få dette til. Det er Biskopen i Bjørgvin som gjev tilslutning til om slike endringar kan gjerast på kyrkjer. Biskopen har på eige initiativ fått arkitektteikna eit utkast til ei ny løysing. Denne løysinga vil komma på 1 mill eller meir. Den rampa som fellesrådet ville bygge (som er budsjettet til 300.000) vart for enkel for biskopen. Fellesrådet har lite håp om å finansiert opp ei rullestolrampe i den prisklassen som Biskopen har kravd.

6.5 Kommentarar til invisteringsramme på funksjon 043, gravplassar

6.5.1 Nye GPS oppmålingar og SOSI standard på gravplassane.

Som elles i samfunnet er det innanfor fagfeltet gravplass aukande digitalisering. Som krav til alle nybygde gravplassar ligg det no at det skal være SOSI-standard på gravkarta (*SOSI = Samordnet Opplegg for Stedfestet Informasjon*). Dette vil sei at alle graver skal ha eigne GPS koordinatar. Dett vil på sikt gjera arbeidet til administrasjonen og dei som gjer det fysiske arbeidet på gravplassen lettare.

Men før me kan gjera oss nytte av denne standarden står me framfor krevjande oppmålingar. Ein lyt rett og slett syte for at dei nye «GPS-karta» stemmer med det verkelege terenget. Det manglar standard ting som fastmerke på fleire av gravplassane. Det er heller ikkje alltid gjort ein like god jobb når det gjeld å måle seg fram til kvar grava skal ligge. Dette gjer at over mange 10-år med omtrentleg måling er det ikkje mange snorrette rekker på gravplassane våre. Om me skal innføre SOSI standard vil det verta mykje praktisk arbeid på sjølve gravplassane. På enkelte gravfelt, vil ein nok måtte gå så langt at gravsteinar må flyttast. Me hadde i 2021 planlagt å starte opp dette arbeidet med eit forprosjekt. Me lukkast ikkje å få pengar frå kommunen til å gjennomføre dette prosjektet.

6.5.2 Utvidelse av Dale gravplass.

Vaksdal kommune gav i sitt budsjett for 2018 1 million i mildar til eit forprosjekt for utviding av Dale gravplass. I 2021 har me fått igansatt reguleringsplan for den nye delen av gravplassen. VKF legg til grunn at det iløpet av 2022 vil bli gjort endringar i reguleringsplanen og eventuelt tomtkjøp. Den totale investeringsramma på gravplassen på Dale vil ha ein minimumspris på 8 millionar.

7.0 Kyrkjemusikk 2021

7.1 Kilden

Grunna strenge smitteverntiltak hadde koret Kilden digitale øvingar februar-juni 202. Å synge saman som eit kor over nett, er bort imot umogleg, grunna forseinkingar i lyd, men det var mogleg å øve stemmer når deltakarane hadde mikrofonen av.

I august kunne Kilden igjen samlast til fysiske øvingar i Vaksdal kyrkje.

- 1/10-2021 song Kilden på møte på Vaksdal bedehus.

Kilden planla å synge på lysmesse i Vaksdal kyrkje 28/11. Det måtte avlyses på grunn av sjukdom. Kilden planla å synge på adventskonserten på Nesheim 11/12. Dette var diverse umogleg å gjennomføra grunna smitteverntiltak. Nesheim kyrkje var for liten til å følge gjeldande avstandskrav innanfor koret og mot publikum. Truleg kunne ein har gjennomført denne lysmassa i ei av dei større kyrkjene i kommunen. Som i 2020 ble derfor også et uforløyst år for koret; mye repertoar ble innovd, men det ble få muligheter til å fremføre det for et publikum. Vi håper derfor på bedre tider i året som kommer.

Dirigent er fortsatt Ruben Gjertsen, leiar er Åshild Rene.

7.2. Stamnes barnekor

Stamnes barnekor fortsetter å øve i Stamnes bedehus. Koret sang på følgende arrangementer:

- 21/2-2021: Utendørsgudstjeneste utenfor Stamnes kyrkje.
- 12/12-2021: Adventskonsert i Stamnes kyrkje.
- Barnekoret spelte også inn ein song til en julevideo frå Stamnes, laget av Rune Langeland.

Dirigent er Marta Lise Handal Langeland, pianist er Ruben Gjertsen, leiar er Liv Stamnes.

7.3. Orgelundervisning

Det meldte seg fleire born som ynskte piano-/orgel-undervisning, og det var ved utgangen av 2021 3 elever i som fekk regelmessig undervisning i Eksingedalen og Nesheim.

7.4. Fysiske konsertar

- 25/5-2021, Dale kyrkje: "Fransk pinse", orgelresitasjon ved Ruben Gjertsen, en halvtime før gudstjenesten.
- 12/6-2021, Dale kyrkje: "Morgenstemning, havet og orgelrock", Ruben Gjertsen, orgel.
- 20/6-2021, Vaksdal kyrkje: Orgelresitasjon ved Ruben Gjertsen, en halvtime før gudstjenesten.
- 22/7-2021, Dale kyrkje: Minnekonsert for 22. juli arrangert av Vaksdal Kommune i samarbeid med bl.a. Vaksdal Kyrklege Fellesråd.
- 2/10-2021, Dale kyrkje: "Frans av Assisi's små blomar", Ruben Gjertsen, orgel.
- 11/11-2021, Vaksdal kyrkje: "Puer natus est", middelalderkomposisjoner og improvisasjon ved Ensemble Currentes.
- 4/12-2021, Vaksdal kyrkje: Adventskonsert med Kordial, Silje Maria Langhelle, Torsten Langhelle, Kristin Straume Normann og Ruben Gjertsen.
- 11/12-2021, Nesheim kyrkje: Adventskonsert med barnekor fra Eksingedalen, orgelelever, Ruben Gjertsen, Hanna Gullbrå og Svein Tollefsen.
- 12/12-2021, Stamnes kyrkje: Adventskonsert med Blanke Messingen, Stamnes barnekor, Sunniva Gammersvik, Nora Bjørnsen og Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Bjart-Magnus Rosvold.

7.5. Digitale konsertar

Fylgjande konserter ble publisert på Kyrkjene i Vaksdal sin youtube-kanal:

<https://www.youtube.com/channel/UCdjL9GnaL2ybnewP1W0qPnQ>

- Charles Tournemire: Sei Fioretti, Konsert med Ruben Gjertsen i Dale kyrkje, 6. november (**142** treff).
- Orgelmusikk på Påskedag, Konsert med Ruben Gjertsen i Dale kyrkje, 4. april (**354** treff).

7.6. Digitale gudstenester

I dei periodane me har vore nedstengt grunna Covid, publisert me gudstenester på Kyrkjene i Vaksdal sin youtube-kanal:

<https://www.youtube.com/channel/UCdjL9GnaL2ybnewP1W0qPnQ>

På grunn av opphavsrett på en del salmer ble en del av gudstenestene satt til privat etter en uke, mens en kortversjon fremdeles ligger ute. I den siste er opphavsrettslig beskyttet materiale redigert ut. Når vi presenterer antall treff er det derfor ofte summen av fullversjonen og kortversjonen.

- 17/1-2021: Gudtseneste i Vaksdal kyrkje (**70** treff (45+25))
- 24/1-2021: Gudsteneste i Vaksdal kyrkje (**71** treff (43+28))
- 31/1-2021: Gudsteneste i Vaksdal kyrkje (**26** treff)
- 14/2-2021: Gudsteneste i Dale kyrkje (**60** treff (38+22))
- 1/4-2021: Andakt på Skjærtorsdag frå Dale kyrkje (**39** treff)
- 2/4-2021: Pasjonsgudsteneste frå Stamnes kyrkje langfredag (**73** treff)
- 4/4-2021: Gudsteneste på Påskedag 4. april frå Dale kyrkje (**69** treff (41+28))
- 17/5-2021: Helsing (1. versjon: Andakt) på 17. mai frå Bergsdalen (**195** treff (40+155))


Facebook (Vegen i Vaksdal):

- Det ble streamet en familiegudstjeneste frå Dale kyrkje Palmesøndag 28/3-2021.

8.0 Årsmelding for trusopplæringa 2021

Kristin Straume Audestad er fast tilsett i 50% stilling som trusopplærar i Vaksdal. Stillinga er løna gjennom statlege trusopplæringsmidlar. Trusopplæringa i Vaksdal blir kalla «Vegen». Vegen i Vaksdal vil gje born og unge høve til å vekse i tru. Vegen er livs- og trusopplæring for alle i Vaksdal frå dei er døypt og til dei er 18 år. Aktivitetane er sjølvsagt òg opne for born og unge som ikkje er døypte, men sidan ordninga med «tilhøyrande medlemmar» er fasa ut, når me ikkje lenger fleire enn medlemane våre med invitasjonar pr.post.

Gjennom trusopplæringa skjer det ein god del aktivitet i og rundt kyrkjene våre. Både nye tiltak og tiltak som har vore gjennomført i dei ulike sokna i mange år. Sjølv om trusopplærar har hovudansvaret for mange av prosjekta, skjer det i nært samarbeid med sokneråd, prestar, kantorar og eit stort tal friviljuge. I mange høve er det dei ulike sokneråda som syter for at det er ressursar nok til at me kan ha alle desse tiltaka, til dømes når det gjeld friviljuge og mat.




2021 var som 2020 mykje prega av restriksjonar grunna oppblomstring av covid-19 smitte i landet. Mykje har vorte avlyst eller utsett, eller har fått andre former enn det skulle, men me har likevel gjennomført meir enn året før. **Tårnagenthelg** blei utsett til starten av 2022 for årets åtteåringar, det same med **Lys Vaken** for årets elleveåringar.

Noko som derimot blei gjennomført var **Båttur til Kvamsholmen** for årets tolv- og trettenåringar, som erstatta den vanlege seglturen med Brørvikaskuta. Skuta ligg på land på Kvamsholmen for reperasjon, men me hadde ei fin stund saman på holmen med representantar for Skutefolket, og nesten tjue påmeldte deltakrar. Me hadde òg **adventsleir på Fagertun** på hausten der årets niåringar var spesielt inviterte. Leiren var tilnærma full, her har me eit godt samarbeid med Norges Samemisjon som eig Fagertun.

Me hadde få samlingar med **babysong og småbornssong** om våren, då det var fleire runder med nedstenging, men nokre samlingar blei det. På hausten hadde me samlingar parallelt i bygdene Vaksdal og Dale, og tre samlingar på Stamnes. Me valte å ha det meir bygdevis for å gjera det tryggare å koma med tanke på smitte. **Knøttesong for 2-5-åringar** kom òg i gong igjen, ein ettermiddag annakvar veke på Dale og Vaksdal. Samlingane har vore varierande besøkt, men dei som har kome, har uttrykt takksem og glede for at tilboda finst.

Utdeling av bøker til fireåringane skjedde i dei lokale kyrkjene i november, fleire stadar saman med **utdeling av Nytestamentet til tiåringane**. Desse gudstenestene var ekstra tilpassa aldersgruppene og var godt besøkte. Og så hadde me ei **julevandring** i open kyrkje på Dale, der born og vaksne gjennom ulike postar kunne lytta til å sjå juleforteljinga, medan dei gjekk rundt i kvar sin kohort.



Konfirmantane 2020/2021 hadde konfirmasjonane i mindre grupper enn vanleg, våren 2021. **Konfirmantane 2021/2022** byrja med samlingar i oktober, der alle samlast nokre torsdagar i månaden i kyrkja på Dale rett etter skuletid. Dette er annleis enn slik me har gjort det tidlegare år, og er blant anna grunna koronasituasjonen.

Andre tilbod til born og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar er tilbod som ikkje vert rekna som trusopplæringsstiltak. Dette vert likevel sett på som positive tilbod som kan vere med og gje støtte til trusopplæringsplanen. Av tilbod finns det barnekor på Stamnes, søndagsskular på Vaksdal og Straume og Barneforeining på Straume, som hadde nokre samlingar kvar i 2021, om enn færre enn vanleg



9.0 Diverse prisar og satsar for 2021

I samsvar med kyrkjelova §20

*Det vert ikkje kravd leige for våre eigne arrangement i sokna.
Kyrkjeverja tek avgjerd om innkrevjing av leige eller utgiftsdekning.*

Pkt:	Aktivitet:	Satsar i 2021
1	Leigesats for kyrkja	Kr 1300,-
2	Leigesats for kyrkja der kyrkjetenar er til stades og arbeider Kyrkjetenar kostar 350 kr pr time, me reknar normalt 3 timer	kr 1300 + timar,-
3.	Leigesats for konserter med billettinntekter. Kyrkjetenar 350 kr pr time, me reknar normalt 3 timer	1300,- + timar kyrkjetenar
4	Leige for kyrkja ved bryllaup for utanbygdes par, eller gravferd, med vår medverknad. Kyrkjetenar 350 kr pr time x 3 = 1050 Organist: 500 kr pr time x 3 = 1500 Bispedømekontoret sender eiga rekning for prestetenesta	Kr 1300,- + timar Normalt 3850,-
6	Leige av kyrkja til innspeling av musikk, utan vår medverknad, pr dag	kr 1300,-
7	Leige av kyrkja til innspeling av musikk, med vår medverknad: Det vert rekna timer for tilsette som deltek. Kyrkjetenar 350 kr pr time Organist:500 kr pr time	kr 1300- + timar
8	Graving av grav for avlidne ikkje busett i kommunen. (Desse satsane vert fastsette av kommunen, og varierer etter kva gravplass og årstid.) (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	Frå 12.500 + moms
9	Graving for nedsetting av urne, avlidne ikkje busette i kommunen(Desse satsane vert fastsette av kommunen, og varierer etter kva gravplass og årstid.) (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	Frå 3500 + moms
10	Utanbygds: Urnenedsetting utført av tilsette	Kr 1500-

10.0 Kyrkjebladet for Vaksdal

Kyrkjebladet hadde 4 utgjevingar i 2020

Konto	Sum
Trykking	kr 67 400
Omfordeling/Porto	kr 23 500
Oppsett av bladet	kr 25 400
Annonseintekter	kr 0
Bladpengar/Gåver	kr 46 000
Sum	kr 70 300

Arbeidet som staben har utført i samband med Kyrkjebladet er ikkje med i oppstillinga.

Det vil være eit fokus å auke annonseintekter og gáveinntekter, slik at dette går i 0,- på sikt. Me fekk ikkje fakturert annonsørane våre i 2021, difor står denne kontoen i 0.

Dagane før kyrkjebladet skal i trykken er det alltid hektisk aktivitet på kyrkjekontoret. Sjølv om det er kyrkjeleverja som er ansvarleg redaktør, er det sokneprest Frode Kvamsøe som tar på seg det meste av arbeidet. Både trusopplærar og kantorar bidrar til bladet. Me ser på kyrkjebladet som eit viktig medium for oss i kyrkja i Vaksdal. Bladet vert distribuert til alle husstandane i kommunen, og gjev oss ei god moglegheit til å fortella om arbeidet vårt. Undersøkingar som er gjort om kyrkjeblad på landsbasis visar at opp mot 90% av mottakarane les heile, eller delar av bladet. Dette betyr at kyrkjebladet nok er ein av de viktigste «kontaktane» kyrkja har med folket i Vaksdal.

11.0 Straumutgifter i kyrkjene

Kyrkje	2021	2020	2019	2018	2017
Dale	27 185	16 701	23 513	24 180	15 273
Vaksdal	105 677	76 720	111 311	91 420	88 014
Bergsdalen	43 412	24 087	37 468	28 992	16 324
Stamnes	52 910	26 046	35 252	29 515	26 729
Eidsland	29 666	19 061	29 575	28 157	26 577
Eksingedalen	40 852	19 721	28 412	22 732	18 988
Nesheim	24 078	14 471	23 882	19 571	16 419
Sum	323 780	196 807	289 413	244 567	208 324

Straumutgiftene til kyrkja i Vaksdal har lenge vore eit fokusområde for fellesrådet. Desse er høge. Dei høge straumprisane som har vore dei siste månadane i 2021 og spesielt i Desember gjev grunn til bekymring. Energiforbruk er ein stor del av kyrkja sitt totale miljøavtrykk, og me arbeidar med tiltak for å få dette ned.

12.0 Kommentarar til vedlagt rekneskap

Rekneskapen er delt inn i fire føremål. Administrasjon, kyrkjer, gravplassar og andre føremål.

Me ynskjer å fokusere spesielt på føremål 043 som er gravplassane våre. Fellessrådet er gravplassforvaltning i Vaksdal, og gravplassane vert drifta på vegne av alle innbyggjarane i kommunen.

Denne delen av rekneskapen viser utgifter til drift av gravplassar. Løyvinga frå kommunen til dette kapittelet vert ikkje rekna som løyving til religiøse føremål, av di fellessrådet forvaltar kyrkjegardane på vegner av kommunen for alle innbyggjarane, uansett livssyn. Gravferdslova regulerer fellessrådet og kommunen sine rettar og plikter i høve til gravferder og drifta av kyrkjegardane.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har ein tenesteytingsavtale med Vaksdal kommune. Denne er frå 2011. Det er fleire ting i denne avtalen som er uklart. Fellessrådet sendte forslag til ny avtale til Vaksdal kommune i februar 2021. Me har enno ikkje fått nokon tilbakemelding på denne.

12.1 Festeavgifter

Gravferdslova § 14. Feste av grav.

"Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift." ...

Festeavgifta er fastsett til kr 250,- pr år. Festeavgifta vert kravd inn for 5 år om gongen. Ei ny enkel grav, eller den fyrste av gravene i ein ny gravstad, har ein friperiode og fredingstid på 20 år. Vert det festa ei grav på sida av denne til bruk til dømes for ektefelle, vert det kravd festeavgift med det same. Ei grav kan festast til ho er 60 år, etter dette må ein søkje fellesrådet om løyve til framhald i festetida. Kommunen bestemmer storleiken på festeavgifta, etter forslag frå VKF.

Det vart i 2021 kravd inn festeavgifter for kr. 404.500 mot kr. 266.250 i 2020. Inntektene frå feste varierer noko frå år til år etter kor mange festarar som får faktura.

Det er til saman om lag 4 900 gravlagde på kyrkjegardane i kommunen, og alle skal vere registrerte med pårørande.

Det var i 2021 53 gravferder der 14 av dei var urnenedsetjingar. Dette viser at Vaksdal har ein kremasjonsprosent på kring 26,5%. Me ser at urneandelen har auka med i overkant av 6 % sidan 2018. Tala har auka jamt og trutt sidan Vaksdal kommune bestemte seg for å dekke utgiftene til kremasjon for avdøde som har hatt bustadadresse i Vaksdal kommune.

12.2 Sumarstell og gravlegat

Det er høve til å tinga stell av graver mot betaling. Det er registrert 39 aktive legat. Desse legata har konto i Sparebanken Vest. Det er om lag 40 festarar som har tinga sommarstell med faktura år for år. Til saman skal om lag 110 graver stellast, fordelt på alle gravplassane. Det er naturleg nok dei store gravplassane på Dale og Vaksdal som har flest stell.

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd
Postboks 113
5721 Dalekvam

Bergen 14.02.2022

Herved oversendes årsregnskapet for Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd

Totalregnskapet består av følgende:

- Årsregnskap drift
- Årsregnskap investering
- Årsregnskap balanse
- Noter

Driftsregnskapet viste et merforbruk på 283 854,- før bruk av fond og strykning iht. den nye økonomiforskriften. Investering har et udisponert resultat på 111 042,-. For å få budsjettet i balanse var det budsjettert med 623 390,- i bruk av fond, hvorav 339 536,- ble strøket da resultatet ble bedre enn budsjettet. De største differansene er som følger:

Inntekter	Avgiftspliktig salg (61'), Sykelønnsrefusjon (44'), Moms* (-23), Refusjon fra kommunen (18'), Refusjon fra andre (16'), Tilskudd fra DnK ¹ (290'), Tilskudd fra kommunen (30'), Tilskudd og gaver (65')
Utgifter	Lønn (264'), Strøm (-60'), Opplæring og kurs (-33), Kilometergodtgjørelse og reiseutgifter (52'), Inventar og utstyr (-29), Vedlikehold (37'), Kjøpte tjenester ¹ (-391'), Moms* (23')

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd viser en bekymringsverdig utvikling på disponibele driftsfond. I 2021 ble det brukt 283 854,- i fond, med en budsjettert bruk på 623 390,-. Pr. 31.12.2021 står det 339 539,- på disposisjonsfond. Vaksdal har likevel god likviditet, men dette kommer av ubundne investeringsfond på 1 230 024,-.

Balansen signeres av kirkevergen og leder i fellesrådet før overlevering til revisjon. Det er fint om vi holdes orientert om dato for oversendelse til revisor.

Vi ber om å få tilsendt kopi av fastsettingsvedtak og signert balanse.

Med vennlig hilsen

Katrin Plassen

Rådgiver, regnskap og økonomi – Autorisert regnskapsfører

+47 55 55 33 14

katrin.plassen@aider.no

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd

Årsregnskap 2021

Driftsregnskap

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd

	Note	Regnskap 2021	Revidert budsjett 2021	Opprinnelig budsjett 2021	Regnskap 2020
Brukertilgang, salg, avgifter og leieinntekter	9	-625 653	-571 000	-571 000	-467 837
Refusjoner/overføringer		-425 090	-370 291	-370 291	-458 158
Kalkulatorisk innt. ved komm. tj.yting	2	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 312 230
Statlige tilskudd		-644 234	-354 680	-354 680	-362 680
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.	2	-3 879 998	-3 850 000	-3 850 000	-3 850 000
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		-125 262	-60 000	-60 000	-109 615
Sum driftsinntekter		-6 900 237	-6 405 971	-6 405 971	-6 560 520
Lønn- og sosiale utgifter	5	3 330 653	3 594 618	3 594 618	3 012 113
Kjøp av varer og tjenester		2 273 631	1 851 452	1 851 452	1 684 770
Refusjoner/overføringer		352 479	370 291	370 291	311 382
Kalkulatoriske utg. ved komm. tj.yting	2	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 312 230
Tilskudd og gaver		16 290	5 000	5 000	63 130
Sum driftsutgifter		7 173 053	7 021 361	7 021 361	6 383 624
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		272 815	615 390	615 390	-176 896
Renteinntekter og utbytte		-962			-2 756
Utlån, kjøp av aksjer og andeler mv			13 000	13 000	
Netto finansinntekter/-utgifter		-962	13 000	13 000	-2 756
Avskrivninger	7	128 660			128 660
Motpost avskrivninger	7	-128 660			-128 660
NETTO DRIFTSRESULTAT		271 854	628 390	628 390	-179 651
Bruk av udisponert fra tidligere år (oversk.)	3	-179 651	-179 651	-179 651	
Bruk av disposisjonsfond	3	-283 854	-623 390	-623 390	-20 034
Sum bruk av avsetninger		-463 505	-803 041	-623 390	-20 034
Avsatt til dekning for tidligere år (undersk.)					20 034
Avsatt til disposisjonsfond	3	179 651	179 651	179 651	
Avsatt til bundne fond	3	12 000			
Sum avsetninger		191 651	179 651	-	20 034
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK		0	5 000	5 000	-179 651

Investeringsregnskap


Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd

	Note	Regnskap 2021	Revidert budsjett 2021	Opprinnelig budsjett 2021	Regnskap 2020
Investeringer i anleggsmidler	7	100 000			859 024
Utlån, kjøp av aksjer og andeler o.l.	7	8 958			9 218
Avsetninger	3	1 108 086	1 108 086		
Årets finansieringsbehov		1 217 044	1 108 086	-	868 242
Refusjoner		-20 000			-163 836
Tilskudd til investeringer	2	-200 000			-1 300 000
Sum ekstern finansiering		-220 000	-	-	-1 463 836
Bruk av avsetninger	3	-1 108 086	-1 108 086		-512 492
Sum finansiering		-1 328 086	-1 108 086	-	-1 976 328
Udekket/Udisponert	7,10	-111 042	0	0	-1 108 086

Balanse

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd

	Note	2021	2020
Anleggsmidler		6 942 513	6 962 215
Faste eiendommer og anlegg	6,7	6 781 628	- 6 782 239
Utsyrr, maskiner og transportmidler	6	28 049	- 56 098
Aksjer og andeler	6,7	132 836	- 123 878
Omløpsmidler		3 016 641	3 062 457
Kortsiktig fordringer		483 775	- 325 085
Kasse, bankinnskudd		2 532 866	- 2 737 372
SUM EIENDELER		9 959 154	10 024 673
Egenkapital		-8 635 115	-8 815 629
Dispositionsfond	3,10	-339 536	- 443 739
Bundne driftsfond	3	-12 000	
Ubundne investeringsfond	3	-1 230 024	- 121 938
Regnskapsmessig mindreforbruk	10		- 179 651
Udisponert i investeringsregnskapet	10	-111 042	- 1 108 086
Kapitalkonto	4	-6 942 513	- 6 962 215
Kortsiktig gjeld		-1 324 039	-1 209 043
Annен kortsiktig gjeld	8	-1 324 039	- 1 209 043
SUM EK OG GJELD		-9 959 154	-10 024 673

15/3-22

Bjart-Magnus Rosvold
 kyrkjeverge Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Type text here

 Lars P. Hansen
 leder fellesrådet



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 21/04619
Arkivkode
Saksbehandler Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Vaksdal kyrkjelege fellesråd	23.05.2022	16/22

REVISORMELDING OG REVISJONSRAPPORT

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har behandlet saken i møte 23.05.2022 sak 16/22

Møtebehandling

Fellesrådet godkjenner endelig årsmelding og revisjon av rekneskap og årsmelding.
Fellesrådet ynskjer å nytta 150.000 årleg av premiefondet i KLP

Votering

Samrøystes

Vaksdal kyrkjelege fellesråds vedtak

Årsmelding, revisormelding og revisjonsrapporten er godkjent av fellesrådet.
Fellesrådet vil nytte kr 150.000 av premiefondet i KLP årleg.

Noter til årsregnskap

Note 1: Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Fellesrådets regnskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke fastsatt av Barne- og familidepartementet 8. desember 2020 og god kommunal regnskapsskikk. De kommunale regnskapsprinsipper innebærer blant annet at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalte anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter medtas i drifts- eller i investeringsregnskapet. I balanseregnskapet er omløpsmidler vurdert etter laveste verdis prinsipp. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid er avskrevet med like store årlige beløp over anleggsmiddelets levetid. Se for øvrig egen note om anleggsmidler.

Note 2: Kommunens tilskudd

Kommunens tilskudd til fellesrådets drift er kr 3 849 998,-. I tillegg er det utbetalt koronastøtte på 30 000,- og 200 000,- i "årleg løyving" til investering. Driftstilskuddet dekker drift av den lokale kirke og kirkegårdene i kommunen. For øvrig bestemmer fellesrådet hvordan midlene anvendes.

Det er videre inngått avtale om tjenesteyting med Vaksdal kommune på kr 1 200 000,- for gravplasser, husleie kirkekontoret, renhold kirker, og renhold og strøm Dale kirke. Denne posten er ført etter selvkostprinsippet.

Note 3: Avsetninger

Spesifikasjon over fond, avsetning til og bruk av fond 2021

Konto	Type fond	IB	Årets avsetninger	Årets bruk av avsetninger	UB
5.56-5.58	Dispositionsfond	443 739	179 651	-283 854	339 536
5.51-5.52	Bundne driftsfond	0	12 000		12 000
5.53-5.54	Ubundne investeringsfond	121 938	1 108 086		1 230 024
	SUM:	565 677	1 299 737	-283 854	1 581 560

Note 4: Transaksjoner ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2021	6 962 215	IB
I løpet av året	8 958	Egenkapitalinnskudd KLP
I løpet av året	100 000	Aktivering
31.12.2021	-128 660	Avskrivninger
	6 942 513	UB

Note 5: Pensjonsforpliktelser og lønn

Vaksdal kirkelige fellesråd har avtale om pensjonsforsikring med KLP.

Pensjonsordningen er organisert gjennom en kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesbasert).

Pensjonskostnadene for 2021 er utgiftsført i regnskapet med kr 424 467,-.

	2021	2020
Innbet. premie/tilskudd inkl adm	469 089	310 842

Innbetalingen av premie/tilskudd, fratrukket 2% trekk for ansatte,
er det som føres som pensjonsutgift i regnskapet.

Estimert forpliktelse/midler 31.12.	2021	2020
Brutto påløpt forpliktelse	4 852 246	4 198 385
Pensjonsmidler	5 082 459	4 182 253
Netto pensjonsforpliktelse	-230 213	16 132

Medlemsstatus	01.01.2021	01.01.2020
Antall aktive	12	10
Antall oppsatte	11	12
Antall pensjoner	6	5

	2021	2020
Daglig leder - lønn	879 135	807 645
Godtgjørelse til folkevalgte	56 835	30 108

Note 6: Anleggsmidler

Bokført verdi pr. 01.01.2021 totalt		<u>kr 6 962 215</u>
Bokført verdi pr 01.01	Faste eiendommer og anlegg	kr 6 782 239
	Aktivering	kr 100 000
	Avskrivning	<u>-kr 100 611</u>
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 6 781 628</u>
Bokført verdi pr 01.01	Utstyr, maskiner, transportmidler	kr 56 098
	Avskrivning	<u>-kr 28 049</u>
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 28 049</u>
Bokført verdi pr 01.01	Egenkapitalinnskudd KLP	kr 122 878
	Aktivering	<u>kr 8 958</u>
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 131 836</u>
Bokført verdi pr 01.01	Aksjer Kirkepartner AS	kr 1 000
	Aktivering	<u>kr 1 000</u>
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 1 000</u>
Bokført verdi pr. 31.12.2021 totalt		<u>kr 6 942 513</u>

Note 7: Investering

Investering på fasade Eksingedalen kyrkje er sluttført i 2021.

Investeringer Eksingedalen kyrkje (aktivert)	100 000,00
Refusjon av moms	-20 000,00
Udisponert	<u>80 000,00</u>
Egenkapitaltilskudd 2021	8 958,00
Udisponert	<u>8 958,00</u>
Generelt investeringstilskudd	-200 000,00
Totalt udisponert i investeringsregnskapet 2021	<u>-111 042,00</u>

Note 8: Stell av graver/gravlegat

Gravlegat er ført på en gjeldskonto fra og med 2007.

Det er innestående kr 427 083,- per 31.12.2021

Det er utført tjenester i 2021 som er inntektsført med totalt kr 117 244,- hvorav kr 43 120,- er trukket fra legat og kr 74 124,- er fakturert.

Note 9: Gravplasser

Inntekter	2021	2020
Festeavgifter	-404 500	-266 250
Driftstilskudd	-232 598	-195 114
Annen inntekt (refusjon, gaver, m.m.)	-170 620	-157 182
	<u>-807 718</u>	<u>-618 546</u>
Utgifter		
Lønn	441 108	384 626
Annen utgift (kjøp av varer og tjenester, m.m.)	281 553	244 728
	<u>722 660</u>	<u>629 354</u>
Resultat på funksjon Gravplasser	<u>-85 058</u>	<u>10 807</u>

Note 10: Resultatet

Før årsavslutningsposteringer viste driftsregnskapet et merforbruk på 283 854,-. Bruk av fond på 623 390,- ble ført iht. til budsjett slik forskriftens § 17-2 tilsier. Regnskapet viste da et mindreforbruk på 339 536,-. Iht. forskriftens § 17-3 b) er bruk av fond strøket tilsvarende mindreforbruket på 339 536,- slik at driftsregnskapet balanserer. Investering har et udisponert resultat på 111 042,-. Rådet vedtar disponeringen.

Note 11: Korona

Koronapandemien som kom i mars 2020 har ført til reduserte aktiviteter, og har dermed påvirket resultatet.

Til
Vaksdal kyrkjelege fellesråd
v/leiar

UAVHENGIG REVISORS MELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Vaksdal kyrkjelege fellesråd som viser eit netto driftsresultat på kr 271.854,- i overskot og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vaksdal kyrkjelege fellesråd per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoén i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av fellesrådet slik det er krav om i lov og forskrift, og har følgt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Fellesrådet og dagleg leiar er ansvarleg for informasjonen elles. Anna informasjon består av informasjon i fellesrådets årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje informasjon elles, og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese ytterlegare informasjon for å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at informasjonen elles inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det.

Fellesrådet og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Fellesrådet og dagleg leiari er ansvarleg for å utarbeide og fastsetja årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at det gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal reknereksskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.¹

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjonen av årsrekneskapen, slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkle revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av fellesrådet sine reknereksskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Voss, 14.mai 2022

Elin Bye
Statsautorisert revisor/oppdragsansvarleg
(elektronisk signatur)

¹ Linken under viser revisors oppgaver og plikter
http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger_revisors_oppgaver_og_plikter



*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Elin Bye

Statsautorisert revisor

På vegne av: Vestlandsrevisjon IKS

Serienummer: 9578-5993-4-1740859

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-05-14 08:05:16 UTC

bankID



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>